

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-251
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 25.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
111/21	Alver formannskap	02.12.2021
159/21	Alver kommunestyre	16.12.2021

Søknad om godkjenning til å søke startlånsmidlar i husbanken for 2022
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1) Budsjettdrøying:

Investeringsbudsjetten for 2022 på prosjekt 40002 Startlån til vidareutlån vert auka med kr 30 mill frå kr 110 mill til kr 140 mill.

Auken vert finansiert med tilsvarande auke med kr 30 mill frå kr 110 mill til kr 140 mill i låneopptak/bruk av lånemidlar.

2) Vedtak om opplåning

Kommunestyret vedtar å ta opp lån på kr 140 mill i Startlån til vidare utlån.
Rådmannen gjennomfører låneopptak ihht. fullmakt i Finansreglementet pkt. 8.1.

Alver formannskap 02.12.2021:

Handsaming:

Tillegg i rådmannen sitt framlegg til vedtak.

3. Auka i startlån vert innarbeid i budsjetten for 2022.

Rådmannen sitt framlegg, med tilleggspunkt 3, vart samrøystes vedteke.

FO- 111/21 Vedtak:

1) Budsjettdrøying:

Investeringsbudsjetten for 2022 på prosjekt 40002 Startlån til vidareutlån vert auka med kr 30 mill frå kr 110 mill til kr 140 mill.

Auken vert finansiert med tilsvarande auke med kr 30 mill frå kr 110 mill til kr 140 mill i låneopptak/bruk av lånemidlar.

2) Vedtak om opplåning

Kommunestyret vedtar å ta opp lån på kr 140 mill i Startlån til vidare utlån.
Rådmannen gjennomfører låneopptak ihht. fullmakt i Finansreglementet pkt. 8.1.

3) Auka i startlån vert innarbeidd i budsjettet for 2022.

Alver kommunestyre 16.12.2021:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 159/21 Vedtak:

1) Budsjettendring:

Investeringsbudsjettet for 2022 på prosjekt 40002 Startlån til vidareutlån vert auka med kr 30 mill frå kr 110 mill til kr 140 mill.

Auken vert finansiert med tilsvarande auke med kr 30 mill frå kr 110 mill til kr 140 mill i låneoptak/bruk av lånemidlar.

2) Vedtak om opplåning

Kommunestyret vedtar å ta opp lån på kr 140 mill i Startlån til vidare utlån.
Rådmannen gjennomfører låneoptak ihht. fullmakt i Finansreglementet pkt. 8.1.

3) Auka i startlån vert innarbeidd i budsjettet for 2022.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet.

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Bustadkontoret har som eit hovudfokus å bidra til å løyse bustadsituasjonen for innbyggjarane i kommunen vår. Startlån er eit av verkemidla som vert nytta slik at innbyggjarar, og då spesielt barnefamilier som har behov for ein trygg, godt og stabil busituasjon kan få hjelp til å komme inn på bustadmarknaden og kjøpe eigen bustad.

Startlån, som er lån i Husbanken, vert vidareformidla av kommunen og låntakar betaler renter og avdrag til kommunen som administrerer låna i Husbanken.
I godkjent økonomiplan er det budsjettert med 110 millionar kr i statlånsmidlar for 2021.

Pr november 2021 er det komme inn 178 søknader om startlån til bustadkontoret. 51 av desse er ikkje ferdigbehandla.

Hittil i 2021 har Alver kommune innvilga startlånssøknader for 105 millionar kroner. I denne summen ligg det også 15 millionar i overførte midlar frå 2020. Av dei innvilga startlånssøknadene er det utbetalt 62,5 millionar hittil i år. Det er forventa at ein vil betale ut om lag 80 mill i løpet av 2021 og at nokre utbetalingar vil skje i 2022.

Vurdering:

Grunna den usikre økonomiske situasjonen mange opplever i samband med Covid-19 og konsekvensane av pandemien har kommunen fått fleire søknadar på startlån enn vanleg. Mange har stått utan arbeid eller er langtidspermitterte. Det er særskilt viktig for kommunen å kunne hjelpe barnefamilier til å behalde bustaden slik at ein unngår ustabile busituasjonar for denne gruppa. Dei høge straumprisane vi har sett i haust bidreg også til utfordringar for dei økonomisk vanskelegstilte. Regjeringa seier at behovet for startlån aukar og vil gje kommunane moglegheit til å hjelpe endå fleire familiar med låginntekt inn i bustadmarknaden. Regjeringa har på bakgrunn av dette tilført Husbanken 2 mrd meir i utlånssamme for 2022.

Bustadkontoret har mottatt fleire søknader om startlån som ligg til handsaming, og det er forventa at det kjem inn fleire søknader i år enn i fjor. For å kunne innfri forventa søknadsmengde som oppfyller kriteriene til startlån i 2022 meiner rådmann det er grunnlag for å auke låneopptaket i Husbanken med 30 millionar i høve til det som er vedteke gjennom økonomiplanen for 2021-2024.

Startlånsmidler som ikkje vert nytta i 2022 vert overført til 2023